

TV-aksjonen 2026
val av kommunekomité og vurdering av gåve**Dokumentinformasjon:**Saksbehandlar: Nina Otterlei Nordang
E-post: postmottak@haram.kommune.noArkivsak: 26/1949
Journalpost: 26/18773**Behandling:**

Saksnummer:	Utval:	Dato:
	Formannskapet	

Kommunedirektøren si innstilling:

Formannskapet gjer slikt val av medlemmer til innsamlings-/kommunekomité for TV-aksjonen søndag den 18. oktober:

- Eivind Davik, Fjørtoft
- Jan Inge Johannessen, Flemsøy/Skuløy
- Cine Finstad Austnes, Haramsøy
- Guttorm Kjerstad, Lepsøy
- Lisa Alvestad, Hildre ☒
- Erna Rogne, Ole Petter Aarsund og Hilde Ellingsæter, Brattvåg
- Christian H. Lilleng og Kathrine P. Beite, Tennfjord
- Siv Katrin Ulla Hagala og Vebjørn Krogsæter, Vatne
- Bjørg Vestre, Vestrefjord
- Randi W. Frisvoll, Grytastranda
- Caroline Kjerstad Grønli, Søyvik

Ordfører får mynde til å oppnemne nye medlemmer til komitéen, også ved eventuelle søknader om fritak.

Formannskapet løyver kr til NRC Flyktninghjelpen sin TV-aksjon 2026.

Saksgang:

Saka går til formannskapet.

Saksopplysningar:

TV-aksjonen 2026 går til NRC Flyktninghjelpen. Målet er å gi meir enn 400 000 menneske på flukt høve til å skape seg ein ny heim og ei ny framtid. Aldri før har fleire menneske vore på

flukt frå krig og konflikt, og aldri før har så mange hatt behov for hjelp til å skaffe seg ein heim. Men det finst håp, og det finst løysingar. TV-aksjonen 2026 skal bidra til menneske får tryggare og betre butilhøve i Syria, Gaza, Sudan, Tsjad, Afghanistan og DR Kongo. Dato for TV-aksjonen er 18. oktober.

NRC Flyktninghjelpen er Norges største humanitære organisasjon og har har 15 000 hjelpearbeidarar over heile verda. Mange av desse er lokalt tilsette i organisasjonen sine program i meir enn 40 land i Europa, Afrika, Asia og Sør-Amerika.

Du kan lese meir på tvaksjonen.no

Vurderingar:

Det har tidlegare vore ein representant frå kvart bygdelag som vart valt inn i komitèen. Dei siste åra har det vore valt inn 2 frå Tennfjord, 2 frå Vatne og 3 frå Brattvåg. Medlemmane har ansvar for å organisere bøsseberinga i dei respektive bygdelaga i samarbeid med innbyggarservice.

Anders Norvald Hammer
kommunedirektør